



Til
Renate Vognsen, FAU-leiar
Svein Bø, polititar Time kommune
Solbjørg Holen, representant for lærarane
Margrethe Hauge, tillitsvalt
Iselin Stangeland, SFO-leiar
Keth-Elin Vinningland, foreldrerepresentant SFO
Sigrid Kjetland – rektor Lye skule
Samuel Wank-Hadland, elevrådsleiar
Sofie Byberg, nestleiar elevrådet
Fredrik Joakimsen Hauge, elevrådsrepresentant
Andreas Hauge, elevrådsrepresentant

Referat frå møte i samarbeidsutvalet på Lye skule måndag 21.oktober 2024

Ikkje tilstades: Svein Bø, polititar Time kommune, meldt forfall.

Sak 1 Høyring på forslag til forskrift om skulereglar for grunnskulane i Time kommune.

Me gjekk gjennom høyringsbrevet.

Det er nokon endringar i formuleringar. «Skulereglar» i staden for «ordensreglar».

Fysisk inngripen – 8.12, fysisk makt. Lærere har nå lov å gripa inn fysisk. Elevane synest denne regelen er trygg og god. Vil ikkje at nokon skal skada seg sjølv eller andre. Er ikkje redde for at lærere skal missbruke denne regelen. Stolar på lærarane.

Ved mykje uro, kan også lærer gripa inn fysisk. Dette meiner elevane er bra. Dei er på skulen for å læra. Trygt for lærarane å ha «lov» å gripa inn fysisk om det er nødvendig. Prøver sjølvsagt mange andre mulige løysningar først. Siste utveg er fysisk makt.

SU er einige om at dette er ei viktig og nyttig lovendring. Lærarane må kunna grensesette elevar og gripe inn i alvorlege situasjonar.

Innspel på høyring - Nå fratas retten til å klage på fusk på eksamen til Statsforvalter. Føresette lurar på kvifor?

Sak 2 Høyring på forslag til forskrift om nye skulekrinser.

Me fekk ikkje høyringsbrevet tilsendt før dette møtet. Sak om faste kringgrenser har høyringsfrist 8.desember og skal behandlast i Time kommunestyre 19.02.25. Rektor vil sende ut høyringsbrevet til SU når ho får det. SU gir skriftleg tilbakemelding til rektor, og rektor sender eit samla høyringssvar. Andre høyringsorgan på skulen er elevrådet og FAU.

I SU-møtet snakka me om dagens kringsgrenser og dagens regel om fritt skuleval, samt forslaget om å innføre faste kringsgrenser. SU er positive til forslaget, det ser ikkje ut til at endring i kringsgrenser vil berøra Lye. Viktig at ein fortsatt kan søka om å gå på ein anna skule viss det omhandler trygt og godt skulemiljø, kapittel 12 i opplæringslova.

Sak 3 Kort orientering om skulen sine utviklingsområder.

Hovudfokus: Tilpassa opplæring for alle elevar i eit fellesskap

Læringsmiljø: Alle elevane opplever ein trygg skulekvardag som er relevant og motiverande.

Læringsresultat: Alle elevane er inkludert i læringsaktivitetane i klasserommet.

Elevane fortel at det er viktig at lærer varierer undervisninga. Kjekt med munnlege samtalar med lærar, gruppearbeid, uteskule, vera fysiske i læringa, bevega seg i klasserommet. Elevane er ulike, derfor må undervisninga variera for å passa alle.

Alle høyrer til i ein klasse. Alle elevar skal oppleva fellesskap og å høyre til ein klasse. Viktig å nytta ressursane me har. Med å vera to i klasserommet, får me hjelpa fleire elevar og gitt fleire tilpassa undervisning. Lye skule er positive til ny opplæringslov kapittel 11 som handlar om å dreie fokuset frå individ til fellesskap. Me har tru på at alle lærar best saman med andre og at det er viktig å høyre til i ein klasse.

Elevane fortel: Lye er ein «kjekk» skule. Mange gode venner. Har det godt her. Viktig å vera inkluderande. Hugse at me alle er skulevenner.

Sak 4 Eventuelt.

Økonomi: Rektor orienterte kort om skulen sin økonomi. Er i balanse.

Førebudd på at me går “tøffare” tider i møtet, kommunen skal spara og det vil også oppvekst merka. Vanskeleg for skulen å spara pengar, me trenger alle folka me har. God vaksentettleik er ein suksessfaktor for læring og trivsel. Elevane seier at der det er vaksne skjer det færre dumme ting.

Høyring på forslag til skuleruta 2025-2026

Tillitsvalt gjekk gjennom forslaget. SU syns skuleruta er ok, ingen innspel.

Skulen og SFO ønskjer at det skal vera mogleg å flytte den eine planleggingsdagen til kveldstid, slik at me kan leggje det på våren og ha fokus på planlegging av neste skuleår, SU støttar det.

Referent: Solbjørg Holen

